

RAPPORT OM AVVIK OG UØNSKA HENDINGAR RELATERT TIL SAMHANDLING


(Koordineringsrådet 01.06.15)

Utviklinga i tal meldingar frå Helse Førde og kommunane går fram av tabellen nedanfor.

| År | Melde av Helse Førde | Melde av kommunane | Sum |
|--------------|----------------------|--------------------|-----|
| 2010 | 15 | 32 | 47 |
| 2011 | 19 | 55 | 74 |
| 2012 | 14 | 83 | 97 |
| 2013 | 29 | 88 | 117 |
| 2014 | 257 | 84 | 341 |
| 2015 - 4 mnd | 102 | 26 | 128 |


Ein stor del av meldingane frå Helse Førde i 2014 og i 2015 dei fire første månadene er meldingar frå AMK om at det ikkje er oppnådd kontakt med kommunal lege på helseradio, både i høve til test og faktiske hendingar. Det er ein tendens til auke i tal meldingar også om ein ser bort frå denne kategorien avvik.

Fordelinga på hovudkategoriar:




Det er ein klar tendens til reduksjon i tal meldingar som gjeld utskrivning av pasientar frå sjukehus. Dette stadfester inntrykket av at oppfølginga av rutinar og kommunikasjonen mellom partane fungerer. Innføring av elektronisk meldingsutveksling er vurdert som ein del av årsaka til dette. I fylkesmannen sitt tilsyn med samhandlinga om utskrivning av pasientar i april 2015 vart det ikkje registrert avvik, og det var heller ingen merknader frå tilsynsstyresmakta.

Meldingar som gjeld tilvising og innlegging:




Meldingane som gjeld manglande kontakt med kommunal lege over helseradionettet står for fleirtalet av sakene kategorisert som «andre hendingar».

Meldingar knytt til pasienten sitt opphald på sjukehus:



Det er her tale om relativt få avvik.

Meldingar knytt til utskriving:



Ein ser at meldingar om avvik og uønska hendingar som gjeld varsling/logistikk har gått ned, og dette vert ikkje vurdert som problematiske område.

Det er færre avviksmeldingar knytt til utskriving totalt sett. Ein ser framleis at risikoområda er informasjonen som skal følgje pasienten ut, i epikrise og i medisinliste. Vidare skjer det at pasientar blir utskrivne utan tilgang på medisin, og det er nokre hendingar knytt til pasienttransport.

Alle dei nemnde risikoområda blir det arbeid med i nettverk mellom partane, m.a. med sikte på forbetring av avtalefesta rutinar og betre implementering av rutinar.

Avviksmeldingar knytt til behandlingsmessige forhold:

| | 2013 | 2014 |
|------------------------------------|------|------|
| Feil ved behandling | 8 | 4 |
| Usemjje om behandling/oppfølging | 3 | 8 |
| Sending av prøver til laboratoriet | | 7 |
| Bemanning på legevakt | | 3 |
| Diverse | 4 | 13 |
| Sum | 15 | 35 |

Dette går ein del på ulike oppfatningar av rett behandling og oppfølging mellom sjukehuslegar og kommunale legar.